




NORSK MEDBORGERPANEL

MEDBORGERNOTAT

#4

«Kva kjenneteiknar meiningane til dei nye veljarane til
Senterpartiet?»

Lina Hamre
hamre.lina@gmail.com
Universitetet i Bergen
August 2017



Digital Social Science
Core Facility



Kva kjenneteiknar meiningane til dei nye veljarane til Senterpartiet?

Frå ein oppslutnad på 5,5 prosent ved førre Stortingsval, har Senterpartiet opplevd ein vekst det siste halvåret som ser ut til å gje partiet ein oppslutnad på om lag det doble ved valet til hausten. Ved siste meiningsmåling, frå juli 2017, seier 9,7 prosent av veljarane at dei vil røysta Senterpartiet (Kristoffersen 2017).

I juni 2017 utførte Respons Analyse, på oppdrag frå Aftenposten, ein analyse av dei nye veljarane til Senterpartiet. Av eit utval på om lag 5000 respondentar, oppgav om lag 400 at dei vil røysta SP. Halvparten av desse røysta ikkje SP ved førre stortingsval. Desse 200 respondentane var utgangspunktet for ein analyse som såg på bakgrunnsvariablane kjønn, alder, utdanning, arbeid i privat/offentleg sektor, inntekt, kommunestorleik, og kva parti dei røysta ved førre val. I dette Medborgarnotatet ser me ikkje nærare på kven dei nye SP-veljarane er, men hovudfokuset ligg snarare på kva desse veljarane meiner. Kva kjenneteiknar haldningane til dei nye veljarane til Senterpartiet?

Mange har freista forklara og forstå den raske veksten til Senterpartiet. I mediebialetet ser særleg to konkurrerande forklaringar ut til å råda. Den eine forklaringa går ut på at Senterpartiet surfar på bylgja av høgrepopulisme som skyl over Europa. Ifylgje Kristin Clemet er SP det mest nasjonalkonservative partiet i Noreg fordi partiet «kombinerer en restriktiv innvandringspolitikk med skepsis til europeisk integrasjon og globalisering, og et ønske om å gjeninnføre en meir permanent grensekontroll» (Clemet 2016, 26).

Den andre forklaringa handlar om at skiljelinja sentrum-periferi er vekt til live att i Noreg. Den har aldri lege daud, men ifylgje Harald Stanghelle i Aftenposten er den no reaktivert (2017). Stanghelle meiner det er ein altfor lettvinnt analyse å sjå framgangen til Senterpartiet som del av dei same internasjonale strøymingar som har skapt Trump og Brexit.

Ut frå desse to forklaringane kan me utleia to hypotesar:

H1 (Clemet): Dei nye veljarane til Senterpartiet er kjenneteikna av EU- og innvandrings skeptisisme.

Operasjonalisert ved:

EU-skeptisisme: «Synest du EU-integrasjonen har gått for langt?» (runde 8)

Innvandrings skeptisisme: «Enig/uenig: Innvandring utgjør en alvorlig trussel mot norsk kultur» (runde 8)

H2 (Stanghelle): Dei nye veljarane til Senterpartiet er kjenneteikna av motstand mot sentralisering.

Operasjonalisert ved:

Kommunereform: «Hvor mye støtter eller motsetter du deg denne kommunereformen?» (runde 9)

Sentrum-periferi: «Enig/uenig: Sentrale myndigheter tar for lite hensyn til utkant-Norge» (runde 9)


Ein konkurrerande hypotese er knytt til tilfredsheit med regjeringa. Tidlegare har FrP kanskje vore det partiet som i størst grad har fanga veljarar som opplever ei generell misnøye med styringa av landet. På grunn av naturen i sakene som har vore mest omdiskuterte og skapt størst misnøye den siste tida, mellom anna ulvedebatten og kommunereforma, er det grunn til å tru at SP fangar desse strøymingane av generell misnøye, som korkje er knytt spesielt til sentrum-periferi-skiljelinja eller nasjonalkonservatisme. Ein siste hypotese me testar er difor:

H3: Dei nye veljarane til Senterpartiet er kjenneteikna av ei sterk misnøye med den sitjande regjeringa.

ANALYSE


Denne analysen er basert på krysstabuleringar mellom stemmeintensjonen i runde 9 (vår 2017) og variablane som er nemnd over. Me undersøker fyrst haldningane til alle dei som i runde 9 seier at dei ville ha røysta SP dersom det var stortingsval i morgon. Dette utgjer om lag 11 prosent, 733 personar, av dei som svarar på spørsmålet om kva dei vil røysta ved valet til hausten. Deretter isolerer me den gruppa som røysta noko anna eller ikkje røysta ved stortingsvalet i 2013, og som seier at dei ville røysta SP dersom det var stortingsval i morgon. Denne gruppa utgjer 281 personar. Dei nye Senterparti-veljarane viser seg å ha svært samanfallande haldningar med dei som røysta SP ved førre val. Grafane under baserer seg difor på haldningane til samtlege som seier at dei vil røysta SP i runde 9.

EU-skeptisme



Om lag 76 prosent av SP-veljarane oppgir at dei er svært einige eller einige i påstanden om at europeisk integrasjon gjennom EU har gått for langt. Berre FrP-veljarane er meir einige i denne påstanden, med 87 prosent. Basert på desse tala er det rimeleg å seia at SP-veljarane er kjenneteikna av EU-skeptisme, noko som støttar Clemet sin analyse av Senterpartiet som eit nasjonalkonservativt parti. Men kan det takast til inntekt for ei forklaring som ser veksten til Senterpartiet i ljøs av høgrepopulismen i resten av Europa? Det er ikkje utenkjeleg at ulike mekanismar er i spel når ein ser på motivasjonen SP-veljarar og FrP-veljarar har for å vera einige i at europeisk integrasjon har gått for langt. SP har hatt ei viktig rolle i kampen mot EU-medlemskap, og tuftar denne motstanden på frykt for lokaldemokratiet og sjølvråderetten til Noreg under Brüssel. I prinsippprogrammet sitt for perioden 2017-2021 (side 8) er også FrP imot norsk medlemskap i EU, men partiet tok ikkje eit endeleg standpunkt i saka før i fjor, og har tradisjonelt ikkje vore motstandarar av EU-initierte marknadsliberaliserande reformer. Me kan difor tenkje oss at motivasjonen til dei to veljargrubbene er noko ulik, der veljarane til FrP generelt er meir negative til innvandring, medan SP sine veljarar kanskje er meir opptekne av norsk sjølvråderett.

Innvandrings skeptisisme




Omtrent 55 prosent av veljarane til Senterpartiet seier seg svært einige eller einige i påstanden om at innvandring er ein trussel mot norsk kultur. Både FrP-veljarane og Høgre-veljarane har fleire veljarar som er einige i påstanden, med høvesvis 92 prosent og 61 prosent. I verdispørsmål som dette har Senterpartiet ein klar borgarleg/konservativ profil. Partiet ligg langt unna sine tidlegare samarbeidspartnarar i dei raudgrøne regjeringane: Mellom veljarane til Arbeidarpartiet seier om lag 28 prosent seg einige i påstanden, medan SV sine veljarar har aller lågast prosentandel som er einige i påstanden - berre 7 prosent. Heile 89 prosent av veljarane til SV seier seg ueinige eller svært ueinige i påstanden, noko som gjer partiet til den diametrale motsetnaden til FrP i dette spørsmålet.

SP ligg nærare dei to borgarlege partia enn regjeringas noverande samarbeidspartnarar KrF og V. Mellom KrF-veljarane seier omtrent 34 prosent seg einige eller svært einige, for Venstre-veljarane sin del er dette talet på 22 prosent. Dette kan vera med og forklara kvifor nestleiarer for Senterpartiet, Ola Borten Moe, og kulturminister for Høgre, Linda Hofstad Helleland, kom med felles budskap til VG om «norske verdier» i slutten av juli.¹

<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/stortingsvalget-2017/hoeyre-linda-og-sp-ola-samstemte-norske-verdier-er-under-angrep/a/24105685/>


Kommunereform



På spørsmål om kor mykje respondentane støttar eller motset seg kommunereforma, er veljarane til Senterpartiet den gruppa som i størst grad motset seg. Her svarar cirka 60 prosent av veljarane at dei motset seg eller motset seg mykje. Av dei andre partia, er det SV sine veljarar som er i nærleiken av å motsetja seg i like stor grad; 40 prosent av deira veljarar motset seg noko eller mykje kommunereforma. Det er likevel 20 prosentpoeng skilnad mellom dei to partia, noko som syner at Senterpartiet i stor grad ser ut til å plukka opp veljarane som er imot kommunereforma.

Her ser me også korleis veljarane til dei to regjeringspartia og deira samarbeidsparti er nokså samde i spørsmålet om kommunereforma. Mellom desse veljarane er det størst stønad til kommunereforma, med mykje støtte eller støtte på 81 prosent hos Høgre-veljarar, 67 prosent hos Venstre-veljarar, 66 prosent hos FrP-veljarar, og 58 prosent hos KrF-veljarar.

Sentrum-periferi




Heile 95 prosent av veljarane til Senterpartiet er einige eller svært einige i påstanden om at sentrale myndigheiter tar for lite omsyn til utkant-Noreg. På dette spørsmålet kjem distriktsprofilen til Senterpartiet tydeleg fram. Dette spørsmålet plukkar nok opp ei generell misnøye med nedlegging av distriktstilbod innan helsetenester og politiressursar, men også heilt konkrete misnøye knytt til dømes til ulvedebatten i vår. I tillegg har det skjedd nokså omfattande omleggingar i landbrukspolitikken til fordel for større gardsbruk i meir sentrale strok i denne regjeringsperioden, noko som denne påstanden også kan tenkjast å plukka opp.

Alle partia har ein betydeleg større andel veljarar som er einige i påstanden enn veljarar som er ueinige i påstanden om at sentrale myndigheiter tar for lite omsyn til utkant-Noreg. Den største andelen veljarar som er ueinige i påstanden finn me hos Venstre, Høgre og Frp (29, 29 og 23 prosent).

Det er fyrste gong dette spørsmålet er med i Norsk medborgarpanel, og difor veit me ikkje så mykje om korleis haldninga til sentrale myndigheiter har vore tidlegare. Det er mogleg at det er ei generelt høg misnøye med sentrale myndigheites omsyn til utkant-Noreg blant alle veljargruppene. Det me veit er at sentrum-periferi skiljelinja har gjort seg gjeldande i Noreg frå dei fyrste partia vart stifta. Motstand mot sentralisering og stønad til lokaldemokratiet er noko samtlege parti på Stortinget har programfesta, men tiltaka for å sikra utkant-Noreg er svært ulike. Til dømes oppfattar Høgre og FrP kommunereforma som ei styrking av lokaldemokratiet, medan Sp og SV på si side hevda at denne reforma svekkar det lokale sjølvstyret.

Tilfreds med regjeringa



Tilfredsheita med regjeringa er, ikkje uventa, størst hos regjeringspartia. Deretter kjem samarbeidspartia til regjeringa. Aller minst tilfreds er SV-veljarane, der tre firedelar er lite tilfreds eller ikkje tilfreds i det heile. MDG sine veljarar er også lite tilfredse med regjeringa; godt over halvparten er lite eller ikkje tilfreds i det heile. Mellom SP sine veljarar er andelen som er lite eller ikkje tilfreds i det heile på om lag 45 prosent. Dette er relativt høgt, men samstundes ser dei reine «protestveljarane» til denne regjeringa ut til å befinna seg på venstresida, eller hos Miljøpartiet. Kanskje er det dei nasjonalkonservative verdiane Sp-veljarane deler med Høgre- og FrP-veljarane som gjer at misnøya ikkje er større?

Dei nye veljarane

Ved fyrste augekast ser desse resultatane ut til å støtta H2 om at Senterparti-veljarane er kjenneteikna av motstand mot sentralisering, her operasjonalisert ved spørsmål om kommunereforma og spørsmål om sentrale myndigheiter tar for lite omsyn til utkant-Noreg. Her har me sett på alle dei respondentane som i runde 9 seier at dei ville ha røysta Sp. Kva så med dei nye veljarane til Sp? Dei som har røysta andre parti eller ikkje røysta ved førre stortingsval.

Dei nye veljarane skil seg svært lite frå det dei tidlegare veljarane til SP har svara på dei fem spørsmåla knytt til EU, innvandring, kommunereforma, sentrum-periferi og tilfredsheit med regjeringa. Fordelinga er svært lik, med berre ein til to prosentpoengs skilnad. Den einaste skilnaden som er verkeleg verd å merka seg finn me på spørsmålet om europeisk integrasjon gjennom EU har gått for langt. Her svarar 71 prosent av dei nye Sp-veljarane at dei er einige eller svært einige, mot 76 prosent av dei tidlegare veljarane til Sp. Koplar ein dette saman med at heile 97 prosent av dei nye veljarane

til Sp meiner at sentrale myndigheiter tar for lite omsyn til utkant-Noreg (mot 95 prosent blant dei tidlegare Sp-veljarane), gir det stønad til H2 om at det særleg er mostand mot sentralisering som kjenneteiknar dei nye Sp-veljarane. Men utvalet her er såpass lite, noko som gjer at me får store konfidensintervall. Avstandane i prosentpoeng er difor ikkje store nok til at ein kan seia at det er ein reell skilnad mellom dei gamle og nye veljarane til SP.

Det er likevel svært interessant at veljarane SP har «stole» frå andre parti har svært samanfallande meiningar med dei tidlegare Sp-veljarane på desse spørsmåla, sjølv om dei røysta på eit anna parti ved førre stortingsval. Kanskje viser det oss at meiningane deira har blitt meir «senterpartistisk» av medvinden til Senterpartiet og det store fokuset på dette partiets hjertesaker?

Kjelder:

Clemet, Kristin. 2016. «Nasjonalkonservatismen er i seg selv hverken farlig eller ond». Morgenbladet 33, 26. august – 1. september 2016: 26-27.

FrP. 2017. «Prinsippprogram for perioden 2017 - 2021».

<https://files.acrobat.com/a/preview/5122b056-9bdf-484e-a98f-e1ac3e964f5f>

Kristoffersen, Martin Jacob. 2017. «Miljøpartiet flørter med sperregrensen». Nationen, 08.07.2017.

<http://www.nationen.no/stortingsvalet/miljopartiet-florter-med-sperregrensen/>

Stanghelle, Harald. 2017. «Avmakt gir SP-suksess». Aftenposten, 09.06.2017.

<https://www.aftenposten.no/meninger/kommentar/Avmakt-gir-Sp-suksess--Harald-Stanghelle-622864b.html>

VG. 2016. «FrP sier nei til EU for første gang». 04.09.2016.

<http://www.vg.no/nyheter/innenriks/frp/frp-sier-nei-til-eu-for-foerste-gang/a/23784902/>